

MØTEBOK REPRESENTANTSKAPSMØTE 2025 SUNNMØRE FRILUFTSRÅD (KO)

Representantskapsmøtet vart halde 2. april 2025 på Godø Lodge på Godøy i Giske kommune.

Innkalling og sakliste vart første gang sendt 20. desember 2024 både til representantskapsmedlemmane og til postmottaka i kommunane. Sakliste og saker vart sendt 7. mars, og oppdatert sakliste og deltakarliste vart sendt 27. mars 2025. Vedlegg til sakene vart lagt ut i digital lenke.

Før representantskapsmøtet var det omvising i friluftsområde på Godøya kl. 17 ved styremedlem Jan Ove Skodje. Tilbake i møtelokalet vart filmen Sunnmøre friluftsråd 50 år vist under matserveringa. Kåre Sæter ønska representantskapet velkomne til Giske, og orienterte om kommunen og friluftsarbeidet. Før representantskapsmøtet starta, presenterte Hilde Ellingsæter og Inger Bakke Friluftslivets år 2025 og aktivitetane og markeringane vi arrangerer på Sunnmøre dette året.

Desse møtte på representantskapsmøtet

Kvar deltakarkommune har valt to representantar med vara for kommunevalperioden. Desse møtte:

- Elin Tafjord Skorge (Fjord)
- Hanne Roaldsnes (Giske)
- Kåre Sæter (Giske)
- Wenche Bjørkeng (Sande)
- Rolf Ness (Stranda)
- Antonina Kolodziejczyk (Stranda)
- Øyvind Hunnes (Sykkylven)
- Bjørn Inge Drabløs (Sykkylven)
- Nils Erik Bjørkavåg (Sula)
- Mariette Elise Gjerde (Ulstein)
- Nils Olav Moen (Vanylven)
- Martin Kjøpstad (Vestnes)
- Ragnhild Tandstad (Vestnes)
- Sverre Leivdal (Volda)
- Siri Dahl Masdal (Ørsta)
- Gunnar Knutsen (Ørsta)
- Daniella Baarholm (Ålesund)

17 av totalt 30 utsendingar møtte. Fem kommunar møtte fulltallig, seks møtte med ei utsending (Fjord, Sande, Sula, Vanylven, Volda, Ålesund), tre kommunar hadde forfall (Haram, Hareid, Herøy).

Åtte styremedlemmar deltok: Eva Hove – leiar (Fjord), Berit Sandvik Skeide – nestleiar (Ulstein), Jon Kåre Osdal (Vestnes), Jan Ove Skodje (Giske), Thea Elise Vestre Aasen (Ålesund), Ole Grebstad (Ålesund), Sveinung Vemøy (Sykkylven) og Annlaug Stokke (Volda).

Fire frå staben deltok: Anne B. Emblem, Hilde Ellingsæter, Inger Bakke og Malin Ytterland Giske.



Saksliste:

- Sak 1/25: Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 2/25: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under møteboka
- Sak 3/25: Årsrapport 2025
- Sak 4/25: Årsrekneskap 2024
- Sak 5/25: Medlemskontingent for 2026
- Sak 6/25: Andre innkomne saker
- Sak 7/25: Handlingsplan 2025-2027 med arbeidsplan for 2025
- Sak 8/25: Budsjet 2025
- Sak 9/25: Val - valnemnda si innstilling
- Sak 10/25: Val av valnemnd 2026

SFR sak 1/25: Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner innkallinga og sakslista for representantskapsmøtet 2025.

SFR sak 2/25: Val av ordstyrar og sekretær, og to personar til å skrive under møteboka

Samrøystes vedtak:

1. *Representantskapet vel Eva Hove som ordstyrar og Anne Berit S. Emblem som sekretær*
2. *Representantskapet vel Daniella Baarholm (Ålesund) og Kåre Sæter (Giske) til å skrive under møteboka.*

SFR sak 3/25: Årsrapport 2024

Samrøystes vedtak: *Representantskapsmøtet godkjenner årsrapport Sunnmøre friluftsråd for 2024.*

SFR sak 4/25: Årsrekneskap 2024

Årsoppgjøret viser ein omsetnad i 2024 på 17,68 mill. kr (2023: 18,15 mill.). Samla utgifter i 2024 er på 17,46 mill. kr (2023: 18,1 mill.) Årsresultat 2024 er på 0,38 mill. kr (2023: 0,14 mill.) Kontingenten frå dei 15 deltakarkommunane i 2024 er på totalt 3,27 mill. kr (2023: 3,2 mill.) og utgjer 18 prosent av samla inntekter. Øvrige 82 prosent av inntektene er omsøkte og innvilga prosjektmidlar. I 2024 er samla lønnsutgifter vel 8,7 mill. kr. som er 0,3 mill. høgre enn i 2023. Varekostnader er 3,2 mill. kr som er ein reduksjon på 0,9 mill. frå året før. Andre driftskostnader er 5,1 mill. kr som er tilsvarande som året før.

Samrøystes vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner førebels rekneskapen for 2024. Når revisorgodkjenninga føreligg, vert representantskapet innkalla til nytt digitalt møte for endeleg godkjenning innan 2025.

SFR sak 5/25: Medlemskontingent for 2026

Samrøystes vedtak: *Medlemskontingenten for Sunnmøre friluftsråd (KO) for 2026 vert sett til 21,63 kr per innbyggjar (ingen auke frå 2025).*

SFR sak 6/25: Andre innkomne saker til representantskapet

Ingen innkomne saker å behandle.

SFR sak 7/25: Handlingsplan 2025-2027 med arbeidsplan for 2025

Samrøystes vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner Handlingsplan for Sunnmøre friluftsråd (KO) 2025-27 og arbeidsplan for 2025.

SFR sak 8/25: Budsjett 2025

Framlegget til budsjett 2025 viser forventa samla driftsinntekt på 20 266 000 kr og 6 600 000 kr er forventa internoverføringar på prosjektimar. Det er forventa samla driftskostnad på 26 799 000 kr. Oppsummert er det forventa eit samla driftsresultat som går i balanse i 2025.

	Inntekter 2025	Kostnader 2025
Inntekt avd. 10 Administrasjon inkl. arb.bilar	4 487 000	11 000 000
Inntekt avd. 20 Drift og anlegg	1 130 000	1 130 000
Inntekt avd. 30 Aktivitet	5 078 000	5 078 000
Inntekt avd. 40 Skjærgårdstjenesten MR	6 005 000	6 005 000
Inntekt avd. 50 Marin forsøpling	3 566 000	3 566 000
Inntekt avd. 60 Utstyrsbase		
SUM INNTEKTER	20 266 000	
Prosjektinntekter til avd 10 - internoverføring	5 513 000	
Prosjektinntekter avd 40 - internoverføring	1 000 000	
TOTALT	26 779 000	26 779 000

Tabellen viser fordeling av forventa inntekter og utgifter etter avdeling.

Budsjett 2025 sett opp etter kommunal rekneskapskikk:

Økonomisk oversikt	Oppr.budsjett 2025	Rekneskap 2024	Budsjett 2024
Driftsinntekter			
6 Overføringer og tilskudd fra andre	18 683 000	15 367 649	17 684 000
8 Salgs- og leieinntekter	1 583 000	2 312 416	2 713 000
9 Sum driftsinntekter	20 266 000	17 680 065	20 397 000
Driftsutgifter			
10 Lønnsutgifter	7 550 000	6 840 219	7 337 967
11 Sosiale utgifter	1 847 500	1 882 403	1 953 325
12 Kjøp av varer og tjenester	9 230 000	7 013 056	8 600 608
13 Overføringer og tilskudd til andre	980 000	1 433 700	1 850 000
14 Avskrivninger	380 400	373 800	369 100
15 Sum driftsutgifter	19 987 900	17 543 178	20 111 000
16 Brutto driftsresultat	278 100	136 887	286 000
Finansinntekter			
17 Renteinntekter	200 000	162 285	-
20 Renteutgifter		- 4 324	-
21 Avdrag på lån		-	-
22 Netto finansutgifter	200 000	157 961	-
23 Motpost avskrivninger	380 400	373 800	369 100
24 Netto driftsresultat	858 500	668 648	655 100
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:			
25 Overføring til investering	15 000	112 896	200 000
26 Avsetninger til bundne driftsfond		-	-
27 Bruk av bundne driftsfond		-	-
28 Avsetninger til disposisjonsfond	843 500	555 752	455 100
29 Bruk av disposisjonsfond		-	-
30 Dekning av tidligere års merforbruk		-	-
31 Sum disp eller dekning av netto driftsresultat	858 500	668 648	655 100
32 Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)	-	-	-

Samrøystes vedtak:

1. *Representantskapsmøtet godkjenner årsbudsjettet for 2025.*
2. *Representantskapsmøtet gir styret fullmakt til å gjere nødvendige endringar etter kvart som inntektssida blir avklart.*

SFR sak 9/25: Val

Valnemnda v/leiar Martin Kjøpstad la fram si innstilling for representantskapet.

Innmelde styremedlemmar og vara som kommunestyra har valt for perioden 2025 - mars 2027:

Kommune	Styremedlemmar	Vararepresentantar
Herøy	Janne-Katrin Hansen Sævik (ny)	Torbjørn Anton Hide (ny)
Stranda	Thomas Roset (ny som fast)	Gunhild Kvam (ny)
Sula	Nils Erik Bjørkavåg (attval)	Åse Petrin Vegsund (ny)
Vestnes	Ragnhild Tandstad (ny)	Arve Øverås (ny)
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes (gjenvæl)	Hilde Ellingsæter (gjenvæl)

Styremedlemmar valde for perioden 2023 - 2025 som allereie sit i styret (på val i mars 2026):

Kommune	Styremedlemmar (ikkje på val)	Vararepresentantar (ikkje på val)
Fjord	Eva Hove	Almar Bonsaksen Remme
Haram	Guttorm Kjerstad	Kathrine Pernille Beite
Hareid	Annika Brandal	Bernhard Harkjerr
Giske	Jan Ove Skodje	Kjersti Valderhaug Bakke
Sande	Sindre Slettestøl	Sara Fugledal Wiik
Sykkylven	Sveinung Vemøy	Eva Eline Tandstad
Ulstein	Berit Sandvik Skeide	Stig Ole Borgundvåg
Vanylven	John Willy Klungre	Njål Sivertstøl
Volda	Annlaug Sunde Stokke	Stig Helland
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal	Marita Aklestad
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen	Thor Erik Aag
Ålesund	Ole Grebstad	Unni Kristin Wiik

Samrøystes vedtak:

1. Representantskapsmøtet tek til vitande nye styremedlemmar med vara for perioden 2025-2027 som kommunane har meldt inn.
2. Representantskapsmøtet vel Eva Hove som styreleiar og Berit Sandvik Skeide som nestleiar fram til representantskapsmøtet 2026 (begge gjenvæl).
3. Representantskapsmøtet vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor fram til rep.skapet 2026.

SFR sak 10/25: Val av valnemnd

Representantskapsmøtet vel følgjande valnemnd med tre-årig rotasjon for faste medlemmar:

Leiar: Bernhard Harkjerr (Hareid) 2024-2027

Medlem: Karen Høydal (Ørsta) 2025-2028

Medlem: Jon Kåre Osdal (Vestnes) 2026-2029

Vara (eitt år): Hanne Roaldsnes (Giske) 2026

Avslutning av representantskapsmøtet 2025

Representantskapsmøtet vert avslutta av Eva Hove. Styreleiaren takka av styremedlemmar som går ut av styret etter representantskapsmøtet: Jon Kåre Osdal (Vestnes), Bodil Tronstad Lie (Stranda) og Linn-Therese Hansen Sævik (Herøy). Styreleiar takka også Martin Kjøpstad som gjekk ut av valnemnda etter tre år. Styremedlem Jan Ove Skodje fekk også takka for arbeidet med å tilrettelegge representantskapsmøte på Godøya i Giske.

Eva Hove - på vegne av representantskapet - takka Anne Berit Støyva Emblem for godt utført arbeid dei fem åra ha har vore dagleg leiar for Sunnmøre friluftsråd.

Signering, jf. sak 2/25 pkt. 2 (digital signering i Visma Sign):

Daniella Baarholm

Kåre Sæter

Referent Anne Berit S. Emblem

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 4 pages before this page
Dokumentet inneholder 4 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 4 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 4 sider før denne side

Detta dokument innehåller 4 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende